

Konkurransetilsynet
Postboks 439 Sentrum
5805 BERGEN

Deres referanse

Vår referanse
200702733-/HMS

Dato
13. februar 2008

STATSBUDSJETTET 2008 - TILDELINGSBREV

Det vert vist til Stortinget si behandling av St. prp. nr. 1 (2007-2008), jf. Budsjett-innst. S. nr. 8 2007-2008). Med bakgrunn i dette har Fornyings- og administrasjonsdepartementet utarbeidd dette tildelingsbrevet som gir dei økonomiske rammene for Konkurransetilsynet i 2008 og fastlegg prioriteringar, resultatmål og krav til rapportering.

1. BUDSJETT OG FULLMAKTER

1.1 Rammer

Konkurransetilsynet er tildelt kr. 83 209 000 fordelt på følgjande kapittel og postar i 2008:

Kap. 1550 Konkurransetilsynet

		<i>(i 1000 kr.)</i>
Post	Nemning	Budsjett 2008
01	Driftsutgifter	78 209
23	Klagenemnda for offentlige anskaffelser	5 000
Sum kap. 1550		83 209

Det er føresett at Konkurransetilsynet skal føre til inntekt kr. 201 000 fordelt på følgjande kapittel og postar i 2008:

Kap. 4450 Konkurransetilsynet

		<i>(i 1000 kr.)</i>
Post	Nemning	Budsjett 2008
02	Ymse inntekter	201
Sum kap. 4450		201

Inntektene er knytte til innbetaling av gebyr for handsaming av klagesaker etter regelverket for offentlege innkjøp i Klagenemnda for offentlige anskaffelser (KOFA).

1.2 Føresetnader for løyvingane

Konkurransetilsynet har i 2007 nytta fullmakt til å overskride driftsløyvinga på post 01 til investeringsformål. Regnskapet for 2007 synar overskriding med kr. 2 529 000. Fullmakta som er nytta, setter krav om ein tilsvarande innsparing i perioden 2008 til 2010. Innsparinga for 2008 må være minimum 30 prosent av ovannemnde overskriding. Departementet har i tråd med dette redusert løyvinga i statsbudsjettet for 2008 på kap 1550 post 01 med kr. 1 000 000.

Dersom det i løpet av året oppstår uventa utgifter på post 01 Driftsutgifter eller post 23 Klagenemnda for offentlige anskaffelser, skal desse normalt dekkjast ved omdisponeringar innanfor den ramma som er gitt. Om det ikkje er mogleg, skal det takast opp anten om våren i revidert budsjett eller om hausten i nysalderinga av statsbudsjettet. Forslaga til justeringar skal innehalde:

- Grunngiving av forslaget om inntekts-/utgiftsændring.
- Klargjering av dei viktigaste føresetnadene og usikre moment knytte til løyvingsforslaget.
- Utgreiing om kva tiltak som er gjennomførte for å avgrense utgiftsauken/inntektsreduksjonen.

Løyvinga på post 23 Klagenemnda for offentlige anskaffelser, er øyremerkt sekretariatsarbeid for klagenemnda og godtgjersle til medlemmer av nemnda.

1.3 Fullmakter

Som vedlegg til dette tildelingsbrevet følgjer ei oversikt over dei økonomiske og administrative fullmaktene som er delegerte frå Fornyings- og administrasjonsdepartementet til Konkurransetilsynet i 2008.

2. MÅL, RESULTATKRAV OG SÆRSKILTE SATSINGSOMRÅDE

Konkurransetilsynets oppgåver som tilsynsmyndigheit følgjer i hovudsak av konkurranselova og EØS-konkurranselova. Departementet viser til § 9 i konkurranselova og dei fullmakter og oppgåver som følgjer av dei eigne føresegnene i konkurranselova og EØS-lova. Elles skal Konkurransetilsynet vere eit rådgivingsorgan for departementet og utføre oppgåver for departementet i aktuelle spørsmål, fyrst og fremst på det konkurransepolitiske området.

Departementet kan gje Konkurransetilsynet andre konkrete oppgåver seinare i året dersom det finnes teneleg. Det vil skje skrifteleg og etter dialog med tilsynet. I prosjekt for etatsstyring vart Konkurransetilsynet og departementet samde om reglar og avklaringar knytte til sakshandsaminga på viktige område og nye rutinar for styringsdialogen med departementet er fastlagde. Styringsdialogen med departementet vil i tråd med konklusjonane frå etatsstyringsprosjektet mellom anna følge ny syklus for etatsstyringsmøta med tildelingsmøte i februar, tilbakemeldingsmøte i april og statusmøte i september i 2008.

I det følgjande framhevar departementet dei mål som Konkurransetilsynet skal arbeide opp mot i 2008 for å medverke til å oppfylle den overordna målsetjinga for konkurransepolitikken om auka velferd til beste for forbrukarane. Departementet har utforma konkrete resultatkrav for tilsynets arbeid og rapportering i 2008 som er knytte til desse hovudmåla. Vidare peiker departementet på nokre særskilte satsingsområde som det ynskjer at Konkurransetilsynet skal arbeide med i 2008.

2.1 Mål

Departementet trekkjer fram følgjande hovudmål for Konkurransetilsynet sitt arbeid i 2008:

2.1.1 Forbods- og inngrepsføresegnene i konkurranselova skal handhevast effektivt

Forboda i konkurranselova og EØS-konkurranselova skal handhevast effektivt slik at:

- Grove brot på forbodsføresegnene vert avdekte, stogga og straffa.
- Konkurransen fungerer i marknader som vert kjenneteikna av større marknadsendringar.
- Konkurransen fungerer i lokale marknader til beste for forbrukarane.
- EØS-enkelt saker vert handsama slik at norske interesser vert ivaretekne i samsvar med våre rettar og pliktar etter EØS-avtalen.
- Vedtak om brot på konkurranselova vert etterlevde.
- Konkurransetilsynet har naudsynt fagleg og administrativ merksemd knytt til behandlinga av føretakssamanslutningar.

2.1.2 Etterspurnadssida i marknadene skal fungere effektivt

Forbrukarar og andre etterspørjarar skal ha tilstrekkeleg informasjon til at etterspurnadssida i marknaden fungerer effektivt. Dersom det trengst for å fremje konkurransen, skal Konkurransetilsynet fastsetje pålegg om prisinformasjon. Arbeidet skal koordinerast med Forbrukarombodet som er ansvarleg for tilsynet med prismerkingføresegnene.

2.1.3 Konkurransetilsynet skal arbeide for at det vert lagt tilstrekkeleg vekt på konkurranseomsyn innanfor andre politikkområde der regjeringa ynskjer konkurranse

Konkurransetilsynet skal medverke til at det vert lagt tilstrekkeleg vekt på konkurranseomsyn ved å peike på konkurranseskadelege verknader av offentlege reguleringar. Tilsynet skal om mogleg fremje forslag til tiltak for å bøte på dei skadelege verknadene av offentlege reguleringar innanfor dei politikkområda der regjeringa ynskjer konkurranse, jf. konkurranselova § 9 e.

2.1.4 Konkurransetilsynet skal evaluere og synleggjere verknadene av arbeidet det gjer

Konklusjonane frå prosjektet for etatsstyring og dei utgreiingane som vart gjorde i 2007, skal følgjast opp i 2008. Konkurransetilsynet skal etablere ein praksis for evaluering av verknader av arbeidet det gjer. Konkurransetilsynet skal gjere greie for verknadene i resultatrapporteringa til departementet og ta i bruk resultatindikatorar når det er teneleg.

2.1.5 Sekretariatet for KOFA skal medverke til at KOFA er eit kompetent og effektivt tvisteløysingsorgan

Sekretariatet for KOFA skal handsame klager i samsvar med Forskrift om klagenemnd for offentlege anskaffelser. Gjennom arbeidet skal nemnda styrkje handhevinga av innkjøpsregelverket, løyse tvistar raskt og smidig og såleis medverke til auka kunnskap om reglane om offentlege innkjøp. Konkurransetilsynet skal legge til rette for at KOFA når måltal

for den gjennomsnittlege sakhandsaminstida som departementet har fastsett i samråd med leiaren av nemnda.

2.2 Resultatkrav og bruk av indikatorar

For å sikre at måla i tildelingsbrevet vert nådde på ein effektiv måte, skal Konkurransetilsynet oppfylle dei resultatkrav som følgjer nedanfor. Ei viktig målsetjing i etatsstyringsprosjektet har vore å finne passande indikatorar for å evaluere og synleggjere Konkurransetilsynet sitt arbeid. I lys av anbefalingane frå utgreiingane til Copenhagen Economics skal tilsynet:

- Nytte pris eller ein annan passande indikator for å synleggjere verknadene av konkurransepolitikken i minst ein marknad der tilsynet har gjennomført tiltak.
- Evaluere verknadene av minst eit vedtak om opphør av eit grovt brot på forboda.
- Vurdere om konkurransen fungerer godt i minst ein marknad som er kjenneteikna av større endringar.
- Evaluere verknadene av minst eit vedtak om inngrep mot ei føretakssamanslutning.
- Vurdere verknader av minst ei påpeking etter konkurranselova § 9 e.
- Etablere rutinar som sikrar handsaming med høg kvalitet og overhalding av fristar i arbeidet knytt til budsjettprosessane og andre administrative oppgåver frå og opp mot departementet.
- Gjere bruk av og gjere kjend i organisasjonen retningslinjene for sakshandsaming og avklaringane som er utarbeidde i samband med etatsstyringsprosjektet. Det gjeld arbeidsområda knytte til handsaming av høringar, OECD-arbeidet, oppfølging av klagesaker og kjørereglar for samhandling for det internasjonale arbeid i EØS og EU.
- Leggje til rette for at gjennomsnittlege sakshandsamingstid for KOFA ikkje overskrir 3 månader. Med sakshandsaming meiner ein tida det tek frå ei klage kjem inn til sekretariatet og til denne er ferdig behandla av nemnda eller sekretariatet. Måletet omfattar ikkje klager på ulovlege direkteinnkjøpt med høve til å gi overtredingsgebyr.
- Evaluere si handsaming av saker om inngrep mot føretakssamanslutningar og vurdere å utarbeide ein manual for intern handsaming av slike saker.

2.3 Særskilde utfordringar og satsingsområde

Sjølv om Konkurransetilsynet sine oppgåver ligg fast, må tilsynet møte nye oppgåver, prioritere handhevingsressursane og tilpasse seg krav frå innbyggjarane og overordna styringsmakter på ein effektiv måte.

Departementet har fastsett nokre særskilt viktige satsingsområde for arbeidet til Konkurransetilsynet i 2008:

- Ei effektiv handheving av konkurranselova
- Oppfølging av konkurransetilhøva i utvalde bransjar
- Synleggjering av verknadene av Konkurransetilsynets arbeid

2.3.1 Ei effektiv handheving av konkurranselova

Konkurransetilsynet skal handheve konkurranselovgivinga for å få til velfungerande konkurranse mellom føretak. Sentrale verkemiddel er konkurranselova sine forbod mot konkurranseavgrensande avtaler og utilbørleg utnytting av dominerande stilling, og inngrep mot føretakssamanslutningar som avgrensar konkurransen.

Å hindre kartell er ei sær s viktige oppgåve i konkurransepolitikken. Vinstane for samfunnet ved å motverke kartell er positive og store. Konkurransetilsynet skal difor auke innsatsen mot konkurransekriminalitet. Erfaring frå andre land tyder på at lemping av gebyr- og bøtenivå for bedrifter som hjelper konkurransestyresmaktene er eit effektivt verkemiddel for å avdekkje slike brot. Lemping har likevel ikkje hatt same verknad i Noreg. Konkurransetilsynet skal difor vurdere regelverk og praksis for lemping av gebyr- og bøtenivå for bedrifter som hjelper konkurransestyresmaktene, og foreslå endringar som er naudsynte for at regelverket skal verke effektivt slik at brot på forboda vert avdekte. Tilsynet skal i alle høve betre næringslivets kjennskap til ordninga med lemping. Vidare må tilsynet auke sin kompetanse til å etterforske slike brot. Mot slutten av 2008 bør tilsynet kunne handsame og føre fleire slike saker fram til vedtak om overtredingsgebyr eller melding om brot.

Handsaminga av enkeltsaker etter konkurranselova § 11 har vist seg å krevje store ressursar. For å avgrense bruken av ressursar bør tilsynet i enkelte tilfelle der dette er formålstenleg, søkje å få til endringar som gir betre konkurranse utan formelle vedtak.

Konkurransetilsynet mottok mange klagar over moglege brot på forboda i konkurranselova. Tilsynet har knappe ressursar og må prioritere mellom desse oppmodingane om å gripe inn. Etter konkurranselova må tilsynet grunngi eit avslag på å gripe inn. Tilsynet må ikkje bruke meir ressursar enn naudsynt på å prioritere og grunngi kvifor ei sak vert lagd bort.

2.3.2 Særskilde bransjar

Konkurransetilsynet skal prioritere ressursar til å assistere departementet i oppfølginga av konkurransetilhøva innanfor utvalde marknader.

- Konkurransetilsynet skal prioritere tilsynet med konkurransen i IKT-sektoren og gjennomføre ei vurdering av marknads- og konkurransetilhøva. Tilsynet skal vurdere om det bør gjennomførast tiltak etter konkurranselova eller andre særlege konkurransefremjande tiltak.
- Konkurransetilsynet skal følgje opp tilsynet med konkurransen i marknadene for meieriprodukt, og overvake pris- og marginutviklinga i lys av at etterrekningsordninga i prisutjamningsordninga for mjølk vart oppheva frå 1. juli 2007.
- Konkurransetilsynet skal assistere departementet i utgreiing av grensene for konkurranse i helsesektoren, vurdering av prisreguleringa for drosjetenester og om det skal gjennomførast ei utjamning av fraktkostnadene for drivstoff.

2.3.3 Synleggjere resultatata av Konkurransetilsynet sitt arbeid

Konkurransetilsynet skal gjere evalueringar til ein naturleg del av sakshandsaminga. Konkurransetilsynet skal difor vurdere om det kan det vere formålstenleg å etablerer ein meir systematisk praksis med gjennomgang og eigenevaluering av tilsynet sitt arbeid. Dette kan vere viktig for læring og kompetansebygging og medverke til å identifisere gode eksempel på konkurransepolitikkenes verknader som eignar seg for ekstern synleggjering.

Konkurransetilsynet skal gjere bruk av omdømeundersøkingar, og vurdere om desse også kan fange opp preventive verknader av handhevinga av konkurranselover. Undersøkingane skal som hovudregel verte gjord offentleg tilgjengelege. Konkurransetilsynet vurderer sjølv kor ofte det er formålstenleg å gjennomføre slike undersøkingar. Plan for gjennomføring og resultat vert rapportert i årsrapporten.

Konkurransetilsynet skal innarbeide ein særskilt omtale om verknader av konkurransepolitikken i årsrapporten.

2.4 Husleigereguleringslova

Konkurransetilsynet skal behandle klagesaker etter husleigereguleringslova innanfor dei alminnelege forvaltningsrettslege fristar og førebu saker knytte til leigetillegg og utlikningsattsar.

2.5 Ethiske retningslinjer

Konkurransetilsynet skal sjå til at dei etiske retningslinjene for statstenester er kjende i heile organisasjonen, og at dei vert etterlevde på alle nivå slik at integriteten til Konkurransetilsynet kan tryggast.

2.6 Fellesføringar

2.6.1. IKT-området

Ei overordna målsetjing er å gjere brukarane sitt møte med det offentlege enklare og frigjere ressursar både hos brukarane og hos det offentlege. Konkurransetilsynet må i arbeidet sitt med tenesteutvikling vurdere korleis IKT kan nyttast i dette arbeidet. Aktuelle e-tenestar skal gjerast tilgjengelege gjennom portalane MiSide (for innbyggjarane) og Altinn (for næringslivet). Konkurransetilsynet skal leggje vekt på universell utforming gjennom å følgje kvalitetskriteria¹ (WAI) for tilgjengelegheit til nettbaserte tenester. Konkurransetilsynet skal nytte Web Accessibility Initiative (WAI) for tilgjengelegheit til nettbaserte tenester, slik dei kjem fram i Noreg.no sine kvalitetskrav til nettstader, ved nyutvikling eller omfattande vidareutvikling av sine eksterne og interne nettstader.

2.6.2. Grøn stat – miljøleing i staten

Regjeringa la sommaren 2007 fram Handlingsplan 2007-2010 Miljø- og samfunnsansvar i offentlege innkjøp der det blir stilt krav til innkjøp av prioriterte produktgrupper. Konkurransetilsynet må følgje opp miljøpolitikken og inkludere den i det interne styringssystemet.

Vidareføring av miljøleing (Grøn stat) i statlege verksemdar er ein del av handlingsplanen. Miljøleing er eit verkty for å auke medvitet om miljøkonsekvensane av ei verksemd og setje i gang eit systematisk arbeid for å endre verksemda i ei miljøvennleg retning. Innføring av miljøleing er ein dynamisk og kontinuerleg prosess. Det skal gjerast ein årleg revisjon av miljøleingsarbeidet der det vert lagt til rette for kontinuerlege forbetringar. På

¹ Web Accessibility Initiative (WAI) er internasjonale kriterium for tilgjengelegheit til weben.

www.gronnstat.no er det samla rettleiingar, verkty og relevante eksempel i samband med innføringa av miljøleiing. Konkurransetilsynet sin årsrapport skal innehalde følgjande:

- Korleis handlingsplanen er følgd opp i verksemda
- Ein kort rapport om arbeidet med miljøleiing i verksemda

2.6.3. Inkluderande arbeidsliv og staten som arbeidsgjevar

Konkurransetilsynet skal ha fokus på god leiing, organisering og styring. Leiarar skal sette tydelege krav og verdsette innsats og resultat. Arbeidsforma i Konkurransetilsynet skal vere prega av brukarorientering, openheit, effektivitet, kvalitet og medverknad.

Konkurransetilsynet skal arbeide for å utvikle og sikre ein inkluderande og stimulerande personalpolitikk. Personalpolitikken må sikre brei rekruttering, stimulere til kulturelt mangfald og bredde i kompetansen. Utvikling av dei tilsette sin kompetanse skal vere forankra i langsiktig kompetanseplanlegging. Målretta tiltak skal leggje til rette for ein personalpolitikk som verkar motiverande for dei tilsette og hindrar utstøying av eldre arbeidstakarar.

Konkurransetilsynet skal vidare omtale planlagte, og gjennomførte tiltak, samt resultatutviklinga i forhold til eigne måltall i IA-området i sine rapportar knytte til den ordinære etatsstyringsdialogen (minske sjukefråværet, behalde og rekruttere personar med nedsatt funksjonsevne og auke den reelle pensjoneringsalderen). Ei god oppfølging i Konkurransetilsynet er sær s viktig då departementet skal omtale utviklinga innanfor eige departementsområde i St.prp.nr 1.

2.6.4. Integrering og inkludering av personer med innvandrerbakgrunn

Regjeringa har bestemt at alle statlege verksemdar i 2008 skal setje mål og utarbeide planar for å auke rekrutteringa av personar med innvandrarbakgrunn. Slike mål og planar kan t.d. inngå i verksemds- og/eller personalplanar. Det skal rapporterast på måloppnåing i årsrapporten. Dette inngår som eitt av tiltaka i handlingsplanen for integrering og inkludering som regjeringa la fram i statsbudsjettet for 2007. I årsrapporten for 2008 skal Konkurransetilsynet på denne bakgrunnen rapporterast på:

- Tal (og prosentdel) på tilsette (faste og mellombels stillingar) med innvandrarbakgrunn i Konkurransetilsynet den 1.1.2008.
- Kva mål Konkurransetilsynet sette for rekruttering av personar med innvandrarbakgrunn i 2008.
- Tal og prosentdel tilsette med innvandrarbakgrunn den 1.1.2009.

2.6.5. Likestilling - Aktivitets- og rapporteringsplikt

Alle offentlege verksemdar er pålagde å arbeide aktivt for å fremme likestilling både som arbeidsgjevar og som offentlig forvaltingsorgan, jf. likestillingslova § 1.

Aktivitetsplikta inneber eit pålegg om å vurdere "kjønnsrelevansen" internt i organisasjonen og innafor dei aktuelle fag- og politikkområda med sikte på ei oppsummering av status samt oversikt over planlagde tiltak.

Det følgjer vidare av likestillingslova § 1 at Konkurransetilsynet skal rapportere om "likestillingsstatusen" samt angi allereie gjennomførte, pågåande og planlagde tiltak. Denne

rapporten skal inngå i Konkurransetilsynet sin årsrapport. Rapporten er m.a. eit underlag for den årlege rapporteringa om oppfølginga av likestillingslova si § 1 i budsjettproposisjonen.

3 RAPPORTERING I 2008

3.1 Utarbeiding av årsrapport for 2008

Konkurransetilsynet skal rapportere skriftleg om arbeidet to gonger i året. Utgangspunktet for tilsynet si rapportering er økonomireglementet for staten §§ 9 og 11 og føresegnene i punkt 1–5. Fristen for levering av årsrapporten til departementet er 15. februar 2009. Årsrapporten skal òg sendast Riksrevisjonen i elektronisk form innan denne fristen. Det skal rapporterast særskilt om bruk av midlane på post 23 KOFA.

I årsrapporten skal Konkurransetilsynet leggje vekt på evalueringar av verknader og måloppnåing framfor reine aktivitetsskildringar. Evalueringane skal gjerast gjennom analysar som synleggjer resultatata av aktivitetane og prioriteringane. Konkurransetilsynet skal m.a. synleggjere ressursbruken og gi ei vurdering av dei prioriteringane som ligg til grunn for denne fordelinga. Der det ligg til rette for det, skal Konkurransetilsynet ta i bruk resultatindikatorar i synleggjeringa av resultatata av Konkurransetilsynet sitt arbeid, jf. oppfølginga av etatsstyringsprosjektet som Konkurransetilsynet har delteke i.

3.2 Rapportering gjennom året

Innan 1. mai 2008 skal Konkurransetilsynet utarbeide ei risikovurdering for sine aktivitetar for 2008, jf. § 2.4 i føresegnene i reglementet for økonomistyring i staten. Denne vurderinga skal ta utgangspunkt i dei måla og prioriteringane som er fastsette i tildelingsbrevet, måla i tilsynet sine egne strategidokument og verksemdplanlegging for 2008.

I halvårsrapporten for 2008 skal tilsynet rapportere om eventuelle avvik frå måloppnåing. Rapporteringa skal byggje på malen for avviksrapporteringa gjord i 2007, men innehalde aktuelle merknader til avvik og omtale tiltak som er sette i gang for å rette opp eventuelle avvik. Avviksrapporteringa skal vere departementet i hende innan 22. august 2008.

3.3. Økonomirapporteringa

Konkurransetilsynet skal utarbeide økonomirapportar per 1. april 2008, per 1. september 2008 og per 1. desember 2008. Rapportane skal utarbeidast etter følgjande mal:

- Disponibel løyving (tildelte midlar + ev. overføringar)
- Eventuelle omdisponeringar, jf. dei fullmaktene verksemda har
- Rekneskap per dato
- Samla venta forbruk i 2008

For post 01 og post 23 bør det gjerast greie for dei viktigaste føresetnadene og eventuell uvisse som ligg til grunn for utrekning av forbruk/inntekt. Større avvik skal forklarast, jf. og punkt 1.2. over.

I tråd med etablert praksis vil departementet i 2008 halde 3 etatstyringsmøte med Konkurransetilsynet. Møta vil følgje den nye malen departementet og Konkurransetilsynet er samde om.

Fast rapportering til statsrekneskapen skal skje i tråd med retningslinjene frå Finansdepartementet, jf. rundskriv R-10/2006 som ligg ved.

4. AVSLUTNING

Økonomiforvaltninga i Konkurransetilsynet 2008 skal vere i samsvar med instruks fastsett av departementet 16.12.2004.

I tråd med krav i § 7 i Reglementet for økonomistyring i staten og føringar gitte i dette tildelingsbrevet, vert løyvingane på kapitla Kapittel 1550 stilte til disposisjon for Konkurransetilsynet.

Med helsing

Heidi Grande Røys
statsråd

Vedlegg:

1. Økonomiske og administrative fullmakter for 2008
2. Økonomistyringskalender 2008

Kopi m/vedlegg: Riksrevisjon